

Agder Sekretariat
Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Postboks 120
4491 Kvinesdal
Bankkonto:
3080 32 25660
Organisasjonsnr.:
988 798 185

VALLE KOMMUNE - KONTROLLUTVALET

Medlemmer:	Varamedlemmer(for Ap)
Knut H. Nomeland, Sp, leiar	Tora Homme Uppstad
Kent M. Lund ,H , nestleiar	Hallvard K. Rysstad
Kjell Ove Tveiten, Ap	Solveig Rysstad
Gyro K. Uppstad, Ap	Varamedlem (H)
Ann Christin Jacob V	Edvin Brottveit
	Varamedlemmer (for Sp/V)
	Steinar H. Homme
	Knut J. Homme

INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Tid: Torsdag 22. mars 2018 kl. 09.00

Stad: Rådhuset, formannskapssalen

SAKSLISTE

SAK 05/18 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ 25.01.2018
SAK 06/18 OMKLASSIFISERING AV JORDBRUKSAREAL – RUTINAR
SAK 07/18 ORIENTERINGAR FRÅ RÅDMANNEN
SAK 08/18 KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING

Referatsak:

R 01/18 RAPPORT FRÅ SKATTEOPPKREVJAREN I VALLE

Fast post: Revisor orienterer

Eventuelt

Valle, den 7. mars 2018

Knut H. Nomeland
Leiar

Kjell Ivar Hommen
Utvalssekretær

Innkalling/saksliste sendt elektronisk til medlemmer, ordfører, rådmann og revisor

Eierkommuner:
Audnedal, Bygland, Bykle, Evje og
Hornnes, Farsund, Flekkefjord,
Hægebostad, Iveland, Kvinesdal,
Lindesnes, Lyngdal, Mandal,
Marnardal, Sirdal, Valle, Åseral

Ansatte:
Daglig leder Kjell Ivar Hommen
Telefon: 97 51 02 98
E-post: kjell.ivar@asekretariat.no

Saksbehandler Willy Gill
Telefon 90 95 62 46
E-post: willy.gill@asekretariat.no

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Kopi elektronisk til: Gunn Margith Homme og Setesdølen

Varamedlem(er) møter berre etter særskild innkalling.

Eventuelle forfall meldast til Kjell Ivar Hommen, tlf. 97 51 02 98

Agder Sekretariat
Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Postboks 120
4491 Kvinesdal
Bankkonto:
3080 32 25660
Organisasjonsnr.:
988 798 185

VALLE KOMMUNE – KONTROLLUTVALET

MØTEBOK

Møte nr. 01/18

Dato: 25.01.2018 kl. 13.00 –13.30.

Stad: Kommunehuset, formannskapssalen

Til stades:

Knut H. Nomeland, leiar
Kent M. Lund
Kjell Ove Tveiten
Tora Homme Uppstad (vara for Gyro K. Uppstad)

Ann Christin Jacob og Gyro K. Uppstad hadde forfall

Dessutan møtte:

Revisjonssjef Tor Ole Holbek
Revisor Tommy Pytten
Utvalssekretær Kjell Ivar Hommen

Det var ingen merknader til innkalling og sakslista.

SAKSLISTE

SAK 01/18 GODKJENNING AV MØTEBOK
SAK 02/18 OMKLASSIFISERING AV JORDBRUKSAREAL - RUTINAR
SAK 03/18 TINGING AV REVISJONSRAPPORT
SAK 04/18 UAVHENGIGHETSERKLÆRINGAR

Rådmannen var invitert for å orientere om kommunen sine varslingsrutinar.

Fast post: Revisor orienterer

Eventuelt

Eierkommuner:
Audnedal, Bygland, Bykle, Evje og
Hornnes, Farsund, Flekkefjord,
Hægebostad, Iveland, Kvinesdal,
Lindesnes, Lyngdal, Mandal,
Marnardal, Sirdal, Valle, Åseral

Ansatte:
Daglig leder Kjell Ivar Hommen
Telefon: 97 51 02 98
E-post: kjell.ivar@asekretariat.no

Saksbehandler Willy Gill
Telefon 90 95 62 46
E-post: willy.gill@asekretariat.no

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Valle, 25.01.2018

Godkjenning av møteboka:

Knut H. Nomeland Kent M. Lund Kjell Ove Tveiten Tora Homme Uppstad

Utskrift vert sendt til:

Kontrollutvalets medlemmer og varamedlemmer, ordfører, rådmann, revisor, Gunn Marith Homme og Setesdølen

Agder Sekretariat
Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Møtebok 25. januar 2018

Valle kontrollutval

SAK 01/18 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ 23.11.17

Samrøystes vedtak:

Møteboka frå møte 23.11.2017 vert godkjend med tilføyning av at revisor Tommy Pytten også var til stades i møtet.

SAK 02/18 OMKLASSIFISERING AV JORDBRUKSAREAL – RUTINAR

Ein fekk før møtet melding om at rådmannen ikkje kunne møte for å leggje fram rutinar for sakshandsaming og arkiv i møtet. *Ein reknar med at dette kan verta lagt fram i neste møte som er 22. mars 2018 kl.09.00.*

Samrøystes vedtak:

Saka vert utsett til neste møte.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Kjell Ivar Hommen

SAK 02/18 OMKLASSIFISERING AV JORDBRUKSAREAL -RUTINAR

Saka gjeld:

I møtet i kontrollutvalet 23.11.2017 la rådmannen fram og orientera om sin rapport vedkomande kommunen sin kontroll av klassifiseringa av dyrka mark for gnr. 50, bnr. 6 i Valle kommune.

Kontrollutvalet gjorde i møte slikt samrøystes vedtak:

«Kontrollutvalet meiner at rapporten tilfredsstillar dei føringar som kom fram i revisor sin rapport og vedtak i kontrollutvalet med unnatak av rutinar for sakshandsaming og arkiv. Kontrollutvalet ber rådmannen legg desse rutinane fram for kontrollutvalet på neste møte.»

Ein ser fram til at rådmannen legg desse rutinane fram for kontrollutvalet. (Rutinane er ikkje motteke skriftleg)

Framlegg til vedtak:

SAK 03/18 TINGING AV REVISJONSRAPPORT

Saka vart drøfta, og ein gjorde slikt samrøystes vedtak:

Saka vert utsett.

Agder Sekretariat
Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Kjell Ivar Hommen

SAK 03/18 TINGING AV REVISJONSRAPPORT - DRØFTING

Saka gjeld:

I førre møte i kontrollutvalet (sak 14/17 Årsplan for 2018) vart det vedteke :

...»I møtet 25.01.2018 må ein drøfte evt. annan type revisjon enn forvaltningsrevisjon. Den revisjonsrapporten som vert laga flyttast til møtet 22.11.2018.»

Overordna analyse for Valle kommune ligg ved saka.

SAK 04/18 UAVHENGIGHETSERKLÆRINGAR FRÅ REVISOR

Samrøystes vedtak:

Basert på revisors eigenvurdering av sin uavhengighet meiner kontrollutvalet at det kan konkluderes med at revisor tilfredsstillar kommuneloven og revisjonsforskriftas krav til uavhengighet.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Kjell Ivar Hommen

SAK 04/18 UAVHENGIGHETSERKLÆRINGAR FRA REVISOR

Vedlegg:

Uavhengighetserklæringar frå oppdragsansvarlege revisorar Tor Ole Holbek og Tommy Pytten.

Saksopplysningar

Oppdragsansvarlig revisor skal i medhald av revisjonsforskriftas § 15 kvart år gje ei skriftlig eigenvurdering om sin uavhengighet til kontrollutvalet.

Kontrollutvalet må vurdere om revisors eigenvurdering tilseier at revisor tilfredsstillar de krav til uavhengighet som går fram i kommuneloven og revisjonsforskrifta.

Framlegg til vedtak:

Basert på revisors eigenvurdering av sin uavhengighet meiner kontrollutvalet at det kan konkluderes med at revisor tilfredsstillar kommuneloven og revisjonsforskriftas krav til uavhengighet.

Fast post: Revisor orienterar

Revisor orientera om arbeidet med årsrekneskapen for 2017.

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Eventuelt

Ein vil invitere rådmannen til neste møte for å orientere om kommunen sine varslingsrutinar generelt og om stoda for Valle kommune når det gjeld mobbing i skulane.

Neste møte i kontrollutvalet er planlagt til 22. mars 2018 kl. 09.00.

Agder Sekretariat

Kontrollutvalet i Valle kommune

Sak 06/18

Møtedato: 22.03.2018

Sakshandsamar: kih

SAK 06/18 OMKLASSIFISERING AV JORDBRUKSAREAL -RUTINAR

Saka gjeld:

I møtet i kontrollutvalet 23.11.2017 la rådmannen fram og orientera om sin rapport vedkomande kommunen sin kontroll av klassifiseringa av dyrka mark for gnr. 50, bnr. 6 i Valle kommune.

Kontrollutvalet gjorde i møte slikt samrøystes vedtak:

*«Kontrollutvalet meiner at rapporten tilfredsstillar dei føringar som kom fram i revisor sin rapport og vedtak i kontrollutvalet med unnatak av rutinar for sakshandsaming og arkiv. **Kontrollutvalet ber rådmannen legge desse rutinane fram for kontrollutvalet på neste møte.»***

Saka vart handsama i møte 25.01.2018, men utsett til neste møte (22.03.2018)

Rådmannen legg fram rutinane i møtet.

Framlegg til vedtak:

Agder Sekretariat

Kontrollutvalet i Valle kommune

Sak 07/18

Møtedato: 22.03.2018

Sakshandsamar: kih

SAK 07/18 ORIENTERINGAR

Saka gjeld:

I møtet i kontrollutvalet 25.01.2018 kom det fram ynskje om å invitere rådmannen for å orientere om kommunen sine varslingsrutinar generelt og om stoda for Valle kommune nå det gjeld mobbing i skulane.

Rådmannen er invitert til å orientera.

Agder Sekretariat

Kontrollutvalet i Valle kommune

Sak 08/18

Møtedato: 22.03.2018

Sakshandsamar: kih

SAK 08/18 KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING FOR 2017

Vedlegg:

- **Framlegg til årsmelding for 2017**

Sekretær har utarbeida framlegg til årsmelding for Valle kontrollutval 2017.

Framlegg til vedtak:

Årsmeldinga for 2017 vert vedteken.

Valle kommune

Kontrollutvalet si årsmelding 2017



KONTROLLUTVALET SITT ANSVAR

Kommunestyret har etter KommuneLOVA §76 det øvste ansvaret for kontroll og tilsyn i kommunen. Kontrollutvalet skal etter KommuneLOVA § 77 stå føre det jamlege tilsynet med den kommunale forvaltninga på kommunestyret sine vegne. Kontrollutvalet rapporterer om si verksemd til kommunestyret.

KONTROLLUTVALET SI VERKSEMD M.M.

Kontrollutvalet sine møter

I løpet av 2017 har det vore 4 møter og handsama 14 saker. I tillegg kjem 3 referatsaker, førespurnader og orienteringar. Ordførar og rådmann har delteke på nokre kontrollutvalsmøter for å orientere om saker som utvalet har hatt ønske om å få ein breiare kunnskap og informasjon om.

Møta vert halden i kommunehuset i Valle. Saksdokumenter og møtebøker vert lagd ut på kommunen si heimeside.

Leiar og nestleiar deltok på Kontrollutvalskonferanse på Gardermoen 1. og 2. februar 2017.

Kontrollutvalet sine oppgåver

I forskrift om kontrollutval § 4 heiter det:

”Kontrollutvalget skal føre det løpende tilsyn med den kommunale eller fylkeskommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret eller fylkestinget, herunder påse at kommunen eller fylkeskommunen har en forsvarlig revisjonsordning. Utvalget kan ikke overprøve politiske prioriteringer som er foretatt av kommunens eller fylkeskommunens folkevalgte organer.”

Kontrollutvalet skal sjå etter at:

- kommunens rekneskap vært revidert på ein forsvarleg måte
- det vær gjennomført forvaltningsrevisjon og gitt fullmakt til kommunerevisjonen om å gjennomføre forvaltningsrevisjon innanfor tildelte budsjettammer
- det blir gjennomført selskapskontroll
- resultata av sitt arbeid blir rapportert til kommunestyret
- administrasjonens oppfølging av revisjonsmerknader blir rapportert til kommunestyret

Kontrollutvalet kan hjå kommunen, utan hinder av teieplikt, krevje ein kvar opplysning, utgreiing eller eitkvart dokument og gjera dei undersøkingar som det finn naudsynt for å gjennomføre oppgåvene.

Kontrollutvalet sine oppgåver ved rekneskapsrevisjon

Kommunerekneskapa for 2016 vart handsama i kontrollutvalet 11. mai 2017. Revisjonen ga si revisjonsmelding 8. mai 2017.

På bakgrunn av denne gav kontrollutvalet sin uttale til kommuneregnskapet for 2016 i medhald av kontrollutvalsforskrifta §7.

Kontrollutvalet peika på at dei såg ei vesentleg forbetring av tidspunkt for at rekneskapa var klar til handsaming, og voner at ein for framtida også gjer rekneskapa ferdig til fastsette fristar.

Rekneskapan for Øyne Industribygg Valle KF for 2016 vart handsama i møte 23.03.2017 og ga sin uttale om dette.

Kontrollutvalet sine oppgaver ved forvaltningsrevisjon

Det er kontrollutvalet som etter kommunelovas reglar har ansvaret for at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen. Dette går fram av §77, nr. 4 som har følgjande ordlyd:

”Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte. Kontrollutvalget skal vidare påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkningar ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetningar (forvaltningsrevisjon.)”

Kapittel 5 i forskrift om kontrollutval inneheld utfyllande reglar om kontrollutvalet sine oppgaver ved forvaltningsrevisjon. Ifølge forskrifta § 10 skal kontrollutvalet minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Resultatet av gjennomført forvaltningsrevisjon skal rapporterast til kommunestyret (jf. forskriftas § 12).

Plan for forvaltningsrevisjon for 2016-2019 vart vedteken i kommunestyret 21.12.2016.

I denne planen er følgjande område/prosjekt for forvaltningsrevisjon prioritert:

- **Styring og internkontroll (overordna)**
- **Sørge for tjenester i henhold til helse- og omsorgstjenesteloven og gjeldende forskrifter (helse- og omsorg)**
- **Inkluderende læringsmiljø (skole og barnehage)**
- **Barneverntjenester (barnevern)**

I vedtaket frå kommunestyret går det fram at kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å foreta eventuelle endringar i prioriteringa av aktuelle prosjekt, og til å setje i verk andre prosjekt dersom utvalet ser trong for det.

Gjennomføring av forvaltningsrevisjon

Det er ikkje gjennomført forvaltningsrevisjon i 2017, men ein har i fleire møter fylgd opp undersøkinga av tilhøva innanfor tilskotsforvaltninga i Valle kommune, som vart handsama i desember 2016. Ein har fått orientering av rådmannen undervegs, og arbeider framleis med saka.

Rapporten synte ei rekke svakheiter med tilskotsforvaltninga i Valle kommune. Manglande internkontroll, stor grad av skjønsmessige vurderingar og mangelfull praksis for dokumentering og arkivering prega sakshandsaminga og fører med seg at formelle krav i lovgevinga ikkje vart oppfylt.

Ein har vidare handsama ein rapport frå Agder Kommunerevisjon IKS om sakshandsaming og retningsliner for omklassifisering av dyrka- og overflatedyrka jord med bakgrunn i omklassifisering av dyrka- og overflatedyrka jord på gnr. 50, bnr. 6 i Valle.

To sentrale problemstillingar vart handsama i rapporten:

1. *Har kommunen sine rutinar og handsaminga vert i samsvar med krav som vert stilt i kommunelova, forvaltningslova og jordlova? Kan kommunen dokumentere at sakshandsaminga har vært i tråd med god forvaltningsskikk og krav i lovverket?*

2. *Er kommunen si omklassifisering av dyrka jord frå ca. 31 daa. til ca. 20 daa korrekt i medhald av regelverket?*

Kontrollutvalet gjorde i si handsaming framlegg til kommunestyret om å gjere slikt vedtak:

1. *Rådmannen syter for å utarbeide skriftlege rutinar som sikrar at sakshandsaminga av omklassifisering av dyrka- og overflatedyrka jord er i samsvar med krav i lovverket, samt at saker blir tilfredsstillande dokumentert og arkivert i kommunen sitt saksarkiv.*
2. *Rådmannen syter for å gjere ei ny og grundig vurdering av omklassifiseringa av dei i rapporten omtala areala på gnr. 50/6 i Valle.*
3. *Når dei nye vurderingane er gjennomført, vert kontrollutvalet skriftleg informert om kva som er gjort.*

Denne saka er også fylgd opp i møter gjennom året.

Kontrollutvalet sine oppgåver ved selskapskontroll

Etter endringar i kommuneloven og tilhøyrande forskrifter med verknad frå 1.7.2004, er kontroll og tilsyn med kommunalt eigde selskap ein prioritert oppgåve, og det er tatt inn egne reglar om selskapskontroll, jf. kommunelovens §77, nr. 5 og § 80. Selskapskontrollen består av ein obligatorisk del som går ut på å føra tilsyn med forvaltninga av eigarinteressa i selskapet (eigerskapskontroll) og ein frivillig del, som medfører at det også kan gjennomførast forvaltningsrevisjon når kontrollutvalet eller kommunestyret finn det naudsynt eller ønskeleg. Selskapskontroll skal gjennomførast på bakgrunn av Plan for selskapskontroll, som kommunestyret skal vedta.

Framlegget til plan vart handsama i utvalet sitt møte 20.09.2016, og sendt vidare til kommunestyret med tilråding til vedtak.

I framlegg til plan var desse selskapa prioritert:

- **Aust-Agder Museum og Arkiv IKS**
- **Konsesjonskraft IKS**
- **Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS**
- **Setesdal Brannvesen IKS**
- **Setesdal IKT**

Framlegget til plan vart samrøystes vedteke av kommunestyret 21.12.2016.

I vedtaket frå kommunestyret går det fram at kontrollutvalet får fullmakt til å prioritere kva for selskap som det skal gjennomførast kontroll i, til å definere omfanget og innhaldet i selskapskontrollen (eigerskapskontroll) og/eller forvaltningsrevisjon og til å foreta endringar i prioritering mellom dei aktuelle selskapa og eventuelt prioritere nye selskap dersom særskilde tilhøve skulle tilseia det.

Gjennomføring av selskapskontroll

Det er ikkje gjennomført selskapskontroll i 2017, men rapport frå selskapskontroll i Setesdal Brannvesen IKS kjem til handsaming våren 2018.

Andre saker

Etter kontrollutvalet si forskrift § 18 skal kontrollutvalet leggje fram framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet handsama framlegg til budsjett for Kontroll og Tilsyn for 2018 i sitt møte den 21.09.2017, og sende det til kommunen i medhald

av forskrifta, som seier at forslaget skal følgje med formannskapet sitt framlegg til kommunen sitt budsjett ved kommunestyrehandsaminga.

Kontrollutvalet si samansetjing

Valle kontrollutval skal etter gjeldande reglementet ha fem medlemmer.

For perioden 2015-2019 er desse vald:

Leiar: Knut H. Nomeland (Sp)
Nestleiar: Kent M. Lund (H)
Medlem: Kjell Ove Tveiten (Ap)
Medlem: Gyro K. Rysstad Ap)
Medlem: Anne Elisabeth Gilbert Axelssen/Ann Christin Jacob (V)

Desse varamedlemmane har møtt i einskilde møter:
Tora Homme Uppstad og Knut J. Homme.

Kontrollutvalet sitt sekretariat

Kontrollutvala i Audnedal, Bygland, Bykle, Evje og Hornnes, Farsund, Flekkefjord, Hægebostad, Iveland, Kvinesdal, Lindesnes, Lyngdal, Mandal, Marnardal, Sirdal, **Valle** og Åseral har felles sekretariat gjennom Agder Sekretariat, som er eit selskap skipa etter § 27 i kommunelova.

Selskapet har 2 tilsette og har kontorstad i Kvinesdal kommune.

Sekretariatet sine oppgåver er fastsett i Forskrift for kontrollutval og i selskapet sine vedtekter. Det skal mellom anna sjå etter at dei sakene som vert handsama i kontrollutvalet er forsvarleg utgreia, og at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Organisering Skatteoppkrever Margin Skatteinnfang
Arbeidsgiverkontroll Innfordring Skatteregnskap

Årsrapport

Årsrapport for 2017

**Skatteoppkrevjaren i
Setesdal**

Valle kommune

1. Generelt om skatteoppkrevjaren si verksemd	3
1.1 Skatteoppkrevjarkontoret – organisering, ressursar og kompetanse	3
1.2 Internkontroll.....	3
1.3 Skatteutval.....	4
1.4 Skattekontorets kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen.....	4
2. Skatterekneskapen	4
2.1 Avlegging av skatteregneskap	4
2.2 Vurdering av skatteinngangen	4
2.3 Margin	4
3. Innkrevjing av krav.....	5
3.1 Restanseutviklinga	5
3.2 Innkrevjinga si effektivitet	6
3.3 Særnamskompetanse	7
4. Arbeidsgjevarkontroll	7
4.1 Organisering av arbeidsgjevarkontrollen	7
4.2 Planlagde og gjennomførte kontrollar	7
4.3 Resultat frå kontrollane	7
4.4 Vurdering av kontrollaktiviteten	7
4.5 Samarbeid med andre kontrollaktørar	7
4.6 Gjennomførde informasjons- og veiledningstiltak.....	8

1. Generelt om skatteoppkrevjaren si verksemd

Skatteoppkrevjarane skal i medhald av Skatteoppkrevjarinstruksen § 2-9 nr. 1 utarbeide ein årsrapport i samsvar med retningslinjer gitt av Skattedirektoratet. I medhald av § 3-3 nr. 2 skal skatteoppkrevjaren også utarbeide et årsregnskap som legges ved årsrapporten.

Årsrapporten skal omhandle korleis oppgåvene skatteregnskap, innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll er ivaretatt ved skatteoppkrevjarkontoret.

1.1 Skatteoppkrevjarkontoret – organisering, ressursar og kompetanse

Organisering

Skatteoppkrevjaren i Setesdal held til på Evjemoen i Evje og Hornnes kommune.

Her har vi samordna skatteoppkrevjarfunksjonen for dei fire kommunane i Setesdal.

Dvs. at skatteregnskap/innkrevjing for kommunane Evje og Hornnes, Bygland, Valle og Bykle blir ivaretatt ved vårt kontor.

Alle fire kommunane er i tillegg medlem av Interkommunal arbeidsgjevarkontroll i Agder. Dei held til i Grimstad.

Ressursar

Vi er et lite kontor. Skatteoppkrevjar er tilsett i 80 % stilling. I tillegg er det to andre medarbeidere som hver jobber 10-40 % med skatt i tillegg til andre kommunale oppgaver.

For 2017 er det ca. 1,8 årsverk ved skatteoppkrevjarkontoret som er nytta til skatteoppkrevjarfunksjonen. Av dette er ca. 0,5 årsverk utført hos kontrollmiljøet i Grimstad.

Skatteoppkrevjarfunksjonen for Valle kommune er beregnet til å utgjøre ca. 0,3 årsverk i 2017.

Tabellen viser ressursbruk ved skatteoppkrevjarkontoret, fordeling av årsverk per område

	Årsverk	%-del fordelt
Skatteregnskap	0,08	25,8 %
Innkrevjing	0,17	54,8 %
Arbeidsgjevarkontroll	0,05	16,2 %
Administrative oppgaver	0,01	3,2 %
SUM	0,31	100 %

Vurdering av ressursituasjon og kompetanse

Skatteoppkrevjar vurderer ressursituasjonen ved kontoret på Evje som tilstrekkelig.

Kompetansen på skatteregnskaps- og innkrevjingsområdet ser ein på som god.

Ressursituasjonen på arbeidsgjevarkontrollområdet har vært noe redusert i 2017 pga. to langtidssjukemeldingar. Kompetansen ved kontoret i Grimstad ser ein som veldig god.

1.2 Internkontroll

Vi legger stor vekt på å følge dei lover og regler som er pålagt oss.

Vi har ei eiga kontrollhandbok og har utarbeida rutinebeskrivingar på alle anbefalte områder.

Internkontrollen skjer løpande gjennom året, og rutinebeskrivingane går vi gjennom med gjevne mellomrom.

Vi får god tilbakemelding frå Skatt sør på kontrollrutinane våre.

1.3 Skatteutval

Skatteoppkrevjar har ikkje behandla eller sendt noen saker til skatteutvalet i 2017.

1.4 Skattekontorets kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen, jf. rapport datert 20.12.2017.

Skatteoppkrevjarkontoret er ikkje gitt pålegg som fylje av kontroll.

2. Skatteregnskapet

Skatteoppkrevjarens arbeid med skatteregnskapet inneber regnskapsføring, regnskapsavlegging, behandling av inn- og utbetalningar, krav, periodisk oppgjør og fordeling til skattekreditorane.

2.1 Avlegging av skatteregnskapet

Skatteoppkrevjaren stadfestar at skatteregnskapet for 2017 er ført, avstemt og avlagt i samsvar med gjeldande forskrifter og retningslinjer, jf. Instruks for skatteoppkrevjar av 8.april 2014 § 3-3 nr. 2.

2.2 Vurdering av skatteinngangen

Det vedlagte årsregnskapet viser skatteinngangen for regnskapsåret 2017.

Total skatte- og avgiftsinngang i forhold til føregående regnskapsår

Den totale skatteinngangen i 2017 var kr 143.082.937. Dette er ein nedgang på nær 1,6 mill. i forhold til året før. Nedgangen var på 1,1 %.

Kommunen sin del av skatteinngangen i regnskapsåret

Sjølv om det var ein nedgang i den totale skatteinngangen, så var det ein liten auke i kommunen sin del. Den gjekk opp med omlag kr 831.000. Dvs. 1,9 %.

2.3 Margin

Ved kvart periodiske oppgjør i inntektsåret og dei seks første månadene i året etter inntektsåret skal skatteoppkrevjar holde tilbake en bestemt prosent av innbetalt forskotstrekk og forskotsskatt som margin. Marginen skal brukast til oppgjør med skattytarar som får til gode skatt ved avrekning.

Tabellen under viser marginavsetning for inntektsårene 2016 og 2017.

	per 31.10.2017 (inntektsåret 2016)	per 31.12.2017 (inntektsåret 2017)
Innestående margin	1 740 778	10 901 497
For mye avsett margin	1 740 262	
For lite avsett margin		
Prosentats	12 %	12 %

Kommentarar til marginavsettinga

Kommunen sette av for mykje margin også i 2016. Avsett beløp har vært forholdsvis høgt i alle år. Gjeldande prosentsats har vært den same i mange år. Skatteoppkrevjar kommer til å foreslå for kommunestyret at prosentsatsen reduserast til 10 %

3. Innkrevjing av krav

I medhald av skatteoppkrevjarinstruksen § 4-3 skal innkrevjing setjast i gang utan unødig opphald etter forfall, og gjennomførast etter ei samla vurdering. Ved vurdering av innkrevjingstiltak skal skatteoppkrevjaren legge avgjerande vekt på tiltak som enkeltvis eller samla bidrar til at oppgjør kan skje hurtig og effektivt, samtidig som skyldnar blir vist slik omsyn og varsemnd som tilhøva tillater.

3.1 Restanseutvikling

Totale restansar og berostilte krav

Tabellen viser totale restansar og berostilte krav for 2017 og 2016, samt endring frå i fjor for restanse og berostilte krav.

Skatteart	Restanse 31.12.2017	Herav berostilt restanse 31.12.2017	Restanse 31.12.2016	Herav berostilt restanse 31.12.2016	Endring i	
					restanse	berostilt restanse
					Reduksjon (-) Økning (+)	Reduksjon (-) Økning (+)
Sum restanse pr. skatteart	1 581 397	0	511 322	0	1 070 075	
Arbeidsgjevaravgift	357 872	0	0	0	357 872	
Artistskatt	0	0	0	0	0	
Finansskatt	0	0				
Forseinkingsrenter	7 125	0	3 176	0	3 949	
Forskotsskatt	0	0	0	0	0	
Forskotsskatt person	4 150	0	6 000	0	-1 850	
Forskotstrekk	1 033 319	0	96 654	0	936 665	
Gebyr	0	0	0	0	0	
Innkrevjingsinntekter	1 806	0	6 579	0	-4 773	
Inntekt av summarisk fellesoppgjør	0	0	0	0	0	
Kildeskatt	0	0	0	0	0	
Restskatt	0	0	0	0	0	
Restskatt person	119 956	0	398 913	0	-278 957	
Tvangsmulkt	57 169	0			57 169	
Sum restanse diverse krav	0	0	0	0		
Diverse krav	0	0	0	0		
Sum restanse pr. skatteart inkl. diverse krav	1 581 397	0	511 322	0		

Kommentarar til restansesituasjonen og utviklinga i restansar

Frå 2017 har **finansskatt** kome til som ny skatteart. Det er ingen restanse på denne skattearten.

I 2017 ble det også innført **tvangsmulkt skattemelding**. Dette er ei mulkt ved manglande eller for seint levert skattemelding.

Å krevje inn denne mulkta har vært krevjande. Mange skatteytarar har følt dette kravet som svært urettferdig og tyngande. I tillegg har det frå sentralt hold blitt gjort ein feil ved innlesing av kommune når

det gjelder personlige skatteytarar med skatteplikt til fleire kommunar og selskap med skatteplikt til annen kommune enn kontorkommunen.

Det at tvangsmulkt i mange tilfelle har kome til innkrevjing hos «feil» skatteoppkrevjar, har ikkje gjort innkrevjingsarbeidet lettare.

Som ein ser av tabellen, så har det vært ein auke i totalrestansane i året som gjekk på over 1 mill. Årsaken er konkursen i Uppstad Transport og Anlegg AS. Her var skatte- og avgiftsgjelda nærare 1,3 mill.

Tar ein omsyn til dette, så ser ein at dei andre restansane samla sett faktisk har gått ned med meir enn 200.000 og er rekordlåge.

Restansar eldre år

Tabellen viser totale restansar eldre år og restansane på restskatt person for de same årene.

Inntektsår	Sum restanse (debet)	Herav skatteart "Restskatt – person"
2015	0	0
2014	0	0
2013	0	0
2012 – 2002	173 605	-----

Kommentarar til restansar og restanseoppfølginga for eldre år

Det er ikkje alltid like lett å få inn eldre restansar, men noko kjem det framleis inn. Når det skal seiast, så er det uvanlig lite eldre restansar i Valle.

Tal på krav som var forelda pr. 31.12.2017: ingen

Samla beløp på krav som var forelda pr. 31.12.2017: null

Skatteoppkrevjar har gjennomgått rapporten "Restanseliste – forelda krav" dato t.o.m. 31.12.2017.

3.2 Innkrevjinga si effektivitet

Vurdering av resultatet pr. 31.12.2017

Vi nådde alle dei oppsette innkrevjingsmåla for Valle allereie i mai, og frå august har vi hatt 100 % innbetalt på alle kravtypene.

Dette er svært uvanleg, og Valle kommune er den einaste i Skatt sør som kan skilte med slikt resultat. Kanskje er vi også den einaste i heile landet?

Ikkje rart at vi er særdeles nøgde med innkrevjingsresultata i 2017.

Vurdering av samanheng mellom aktivitet og resultat

Vi er raskt ute med oppfølging av krav som er forfalne, og vi bruker telefoninkasso svært aktivt.

Vi har også ei tett oppfølging av skatteytarar som har lova oppgjør.

Utleggstrekk vert sett i verk raskt der det er mogleg. Utleggssforretningane held vi sjølv. Vi nyttar oss også av motrekning i moms til gode samt tilskot frå Landbruksdirektoratet.

Vi krevjar tvangssal og sender konkursvarsel der det er aktuelt.

Skatteoppkrevjaren sine eventuelle tiltak for å betre effektiviteten i innkrevjinga

Vi meiner vi alt har ein effektiv innkrevjingsstrategi. Det har derfor ikkje vært satt i gang nye tiltak i året som har gått.

Omtale av spesielle tilhøve

Det blei opna 3 konkursar i Valle kommune i 2017. Alle etter oppbod frå selskapa sjølv. Ingen av bua er avslutta pr. 31.12.2017, og det er bare ein av konkursane som har ført til store restansar i skatteregnskapet.

3.3 Særnamskompetanse

Skatteoppkrevjar bruker særnamskompetansen sin.

I 2017 blei det varsla 5 utleggsforretningar til skatteytarar i Valle. Ein utleggsforretning er halden. I tre saker fekk vi oppgjør før fristen gjekk ut. Den siste rakk vi ikkje å halde før selskapet gjekk til skifteretten.

At vi held utleggsforretning sjølv, bidreg til ei rask sakshandsaming. I tillegg er det slik at namsgebyret (kr 1.783) som vert etablert ved varsling av utleggsforretning tilkjem kontoret.

4. Arbeidsgjevarkontroll

4.1 Organisering av arbeidsgjevarkontrollen

Valle kommune er medlem av Interkommunal arbeidsgjevarkontroll i Agder som held til i Grimstad. Det er skatteoppkrevjar som står for utplukk av kontrollobjekta.

4.2 Planlagde og gjennomførte kontrollar

Tal planlagde kontrollar for 2017 var 4. Dette utgjør 5,2 % av totalt tal opplysningspliktige i kommunen.

Tal gjennomførte kontrollar i 2017 var 4. Dette utgjør 5,2 % av totalt tal opplysningspliktige i kommunen.

Tal gjennomførte kontrollar i 2016 var 5.

4.3 Resultat frå kontrollane

I regnskapsåret 2017 har det vært 1 formalkontroll, 1 avdekkingskontroll og 2 undersøkingskontrollar.

Det blei ikkje avdekka noe beløp i avdekkingskontrollen.

4.4 Vurdering av kontrollaktiviteten

Resultatet ligg nok ein gong over kravet som er 5%. Det er vi godt nøgd med.

Vi hadde håpa på at fleire av kontrollane i 2017 hadde vært avdekkingskontrollar. På grunn av to langtidssjukemeldingar hos kontrollmiljøet i Grimstad, har ressursituasjonen der ført til at ein har måtta velje noen fleire «enklare» kontrollar for å nå kontrollkravet.

4.5 Samarbeid med andre kontrollaktørar

Interkommunal arbeidsgjevarkontroll i Agder har ein tilsett som deltar fast i A-krimssenteret i Kristiansand. Denne stillinga er finansiert av Kristiansand kommune. A-krimssenteret arbeider i samlege kommunar i begge Agder fylka. I 2017 er 17 saker frå A-krimssenteret løftet inn i linja for arbeidsgjevarkontroll. 14 av sakene er ferdigstilt og det har vært avdekking i 12 av disse sakene. A-krimssenteret utarbeider ein egen årsrapport som beskriver arbeidet som er gjort i 2017. Skatteoppkrevjarane er ein viktig del av dette arbeidet.

4.6 Gjennomførte informasjons- og veiledningstiltak

Interkommunal arbeidsgjevarkontroll i Agder har også i 2017 gjennomført eitt informasjonstiltak retta mot regnskapsførarar og revisorar.

Skatteoppkrevjar sender ut brev til nyoppretta selskap i våre kommunar. Her blir det bl.a. informert om ting som er viktig å vite dersom ein planlegger å tilsette folk.

Stad/dato:



Skatteoppkrevjarens signatur

Vedlegg: Årsregnskapet for 2017
 Vedlegg til årsregnskapet

ÅRSREGNSKAP for Valle kommune for inntektsåret 2017

Avlagt etter kontantprinsippet

	Valgt år	Forrige år
Likvider	11 187 670	11 832 182
Skyldig skattekreditorene	-286 178	-879 805
Skyldig andre	7	7
Innestående margin	-10 901 497	-10 952 382
Udisponert resultat	-2	-2
	0	0
Arbeidsgiveravgift	-20 558 136	-22 092 547
Finansskatt lønn	-378 163	
Kildeskatt mv - 100% stat	0	0
Personlige skatteyttere	-100 758 208	-101 637 256
Tvangsmulkt	-124 829	-410
Upersonlige skatteyttere	-21 249 656	-20 755 813
Renter	-9 045	-176 243
Innfordring	-4 900	-31
	-143 082 937	-144 662 300
Fordelt til Folketrygden - arbeidsgiveravgift	20 558 136	22 092 546
Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift	30 493 401	30 225 469
Fordelt til Fylkeskommunen	9 097 925	8 990 925
Fordelt til kommunen	45 044 318	44 213 446
Fordelt til Staten	37 889 157	39 139 913
Krav som er ufordelt	0	1
Videresending plassering mellom kommuner	0	0
Sum	143 082 937	144 662 300
Sum totalt	-	-

Evje, 18.01.2017



Skatteoppkreverens signatur

Vedlegg til årsregnskapet for 2017

Årsregnskapet er avlagt etter kontantprinsippet. Årsregnskapet viser skatter og avgifter mv som er innbetalt i løpet av regnskapsåret.

Innbetalte skatter og avgifter mv er fordelt til kommunen, fylkeskommunen, folketrygda og staten (skattekreditorane), etter gjeldande fordelingstall.

Sumlinjene i årsregnskapet:

- **Likvider**

Likvidane i skatteregnskapet består av bankinnskott for skatt og eventuelt kontantar i skattekonta.

- **Skyldig skattekreditorane**

Fordelingsoppgjøret til skattekreditorane for desember, står som gjeld i balansen pr. 31.12. Skatteoppkrevjaren skal utbetale fordelingsoppgjøret til skattekreditorane seinast 10. januar.

Dersom dette er et positivt beløp, har skatteoppkrevjaren fordring på skattekreditorane. Skattekreditorane skal innbetale dette beløpet til skatteoppkrevjaren seinast 20. januar.

- **Skyldig andre**

Dette beløpet består av uidentifiserte og uplasserte innbetalningar, som ikkje er fordelt til skattekreditorane pga. mangelfull informasjon frå den som innbetaler.

- **Inneståande margin**

Ved alle periodiske oppgjør i inntektsåret og de seks første månadene i året etter inntektsåret skal ein halde tilbake en bestemt prosent av innbetalt forskotstrekk og forskotsskatt som margin. Marginen skal nyttast til oppgjør med skatteytarar som får til gode skatt ved avrekning.

- **Udisponert resultat**

Dette skal være et lite beløp som skyldas øre avrunding i skatteregnskapssystemet.

- **Innbetalte skatter og avgifter, Renter, Innkrevjing**

Dette beløpet er innbetalt arbeidsgjevaravgift, finansskatt, forskotstrekk etter frådrag for marginavsetning, forskotsskatt for personlige og upersonlige skatteytarar, restskatt og overskytande forskot for personlige og upersonlige skatteytarar, kildeskatt, tvangmulkt samt renter og gebyr.

- **Fordelt til skattekreditorane**

Dette er innbetalte skatter og avgifter, renter og gebyr som er fordelt til skattekreditorane i medhald av gjeldande fordelingstall.

- **Krav som er ufordelt**

Dette skal være et lite beløp som skuldas øreavrundering i skatteregnskapssystemet.

- **Vidaresending plassering mellom kommunar**

Dette gjelder innbetalningar i mellomregning med andre kommuners skatteregnskap.

